

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Hedemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum

Emne: Beit og brom

Bygdelag: Bjølsetgrenda.

Oppskr. av: Olav Furuset

Gard: Bjølsetlarergard

(adresse): Jømnast

G.nr. 1 Br.nr. 16-18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Nei.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*Etter Olav Sandaker. Småbrukar i Bjølset
59 år.*

SVAR

1. Beit av småfurn har vori nytta i grenda. Ein kaller det bet.

2. Stoko særleg namn på å henta beit har eg ikkje høyrdd. Dei gjekk til skogs etter bet så dei.

Stokon særskildt slede har ikkje vore bruket. Ein drog knippe av småfurn etter seg i snøen eller ein nytte skikjelke.

3. Ein tok heim beit på etterjuls vinteren og våren. Det har ikkje vori bruket å ta heim vinterveden i heile he.

^{Når}
4. Dei henta beit nytta dei òk og hogg ned småtalla med.

5. Det var geit og sau som fekk beit. Dei la som regel heile småtalla opprät dyra og det var ikkje tala om å blanda med anna for for da ville dei ikkje eta beiforet.

2
6 Dette foret la dei i ein hang utamed fjøsdøra. På Hornbergsenga slepte ein sau ut på beithaugen slik at dei fekk ~~sta~~ sjøl.

7. Denne skikken kan ingen fortelja om nå.

Skj. Dei slutta å bruke tallbeit (fumbreit) på Loryemd og Hornbergsenga omkr. 1880. På Hornbergsenga skulle dei hatt tinglesne papirer på at dei hadde rett til å ta småtall til beit. Dei tok berre prodig småtall med grønt bar like nedåt bakken hadde Hans Jensen på Hornbergsenga tala om. (Han var fødd ca 1868) Det var småguttarbeide dette, sa han.

På garden Bjørsel slo dei mye ryslyng og gav krøttra om vår og haust. Dei forø han opp etterkvart som dei slo.

Olaf Karlstad (f. 1866) tala om da han var smågutt henta dei kvar haust ein 4-5 lass ryslyng på ein liten vannbrukt gard som heiter Nyborg i Bjørselgrenda.

Amund Loryemd (f. 1867) kjenner ordet brom men har ikkje fullgod greie på at brom har vori nytta her.